

ÅRSMELDING 2017

FOTO: KJARTAN HAUGEN. Frå parti rett under Oksen. Folkedal i bakgrunnen



Granvin herad



Årsmelding 2017

RÅDMANNEN SIN KOMMENTAR

Fugl Føniks er legenda om fuglen som blir forbrent av strålane frå soloppgangen. Den blir til oske, men opp frå oska oppstår Føniks som en ny vakker fugl som stiger høgt opp mot himmelen.

Legenda er visjonær og er meint å gje håp i store endringsprosessar. 2017 stod i Fugl Føniks sitt teikn i Granvin. Dette året starta kommunesamanslåinga med Voss for fullt, og heradsstyret har hatt fokus på å setta Granvin i stand til å møte ei ny tid som del av ein større kommune. Mange små og store istandsettingsprosjekt er gjennomført eller starta opp. Heradsstyret vedtok også å laga ein lokalsamfunnsstrategi som skal sikra at Granvin som samfunn blir gjeve gode vekstvilkår i åra etter nedlegging av gamle Granvin herad.

KOMMUNEREFORM

Året gjekk med til førebuing av hovudprosjektet Nye Voss 2020. Det blei raskt etablert ei mellombels fellesnemnd og mellombels partssamansett utval. 8. juni 2017 vedtok Stortinget samanslåinga mellom Granvin og Voss. Etter dette blei det gjort nye vedtak i kommunestyra og den endelege fellesnemnda blei etablert. Desse utvala leier prosjektet med samanslåing av kommunane.

Det har vore viktig for politikarane å forankra prosjektet hjå dei tilsette, og dei har gjeve dei tillitsvalde plass både som observatørar med talerett i fellesnemnda, og fire medlemmer i partssamansett utval kor to er frå Granvin og to frå Voss.

Sju administrative arbeidsgrupper fekk mandat frå styringsgruppa og blei sett ned tidleg haust 2017. Gruppene består av tilsette og tillitsvalde både frå Granvin og frå Voss. Arbeidet har fyrst og fremst handla om kartlegging av tenestestruktur, retningslinjer, reglement oa.

I desember 2017 blei Arild McClellan Steine frå Kvam tilsett som prosjektleiar/rådmann for Nye Voss herad. Dette var det endelege startskotet for arbeidet med etablering av ny kommune.

ØKONOMI

Til liks med dei siste åra gjekk Granvin med godt driftsoverskot også i 2017. Det samla driftsresultatet blei på 2 %, men i realiteten var overskotet på 4,6 % fordi det blei betalt ut eit tilskot på 2,5 millionar til bustadbygging i distrikta som blei inntektsført i eit tidlegare år.

Alle einingane gjekk med overskot på drifta med unntak av teknisk eining der brøytebudsjettet igjen var vanskeleg å budsjettera.

Samla sett var det ikkje vekst i inntektene i 2017, men me hadde ein skatteinngang på 1,8 millionar over budsjett. Dette blir delvis utjamna i rammeoverføringa. På grunn av redusert grunnsramme og inntektsutjamninga blei det samla sett ikkje auke i inntektene.

Utgiftene auka med 3,9 %, men dette heng igjen saman med utbetaling av dei nemnde tilskotsmidlane.

INVESTERINGAR

Granvin herad har hatt ein omfattande investeringsplan. Det er ikkje store, kostnadskrevjande investeringar, men det er mange mindre og arbeidskrevjande prosjekt.

Det er krevjande for tekniske tenester å planleggja, fylgja opp og utføra alt arbeidet. Av dei viktigaste prosjekta kan nemnast:

1. Etter fleire år med usikkert vatn i Folkedal er det no etablert ny vassleidning frå Kvanddal til Folkedal, og nytt høgdebasseng i Folkedal.
2. På Eide er infrastrukturen med veg, vatn og kloakk til det nye byggefeltet og til dei nye omsorgsbustadane ferdig.
3. Vegen til Skår blir ikkje arbeidd på om vinteren, men det var god framdrift på arbeidet i løpet av sommaren.
4. Det er kome ny bru på den kommunale vegen til Dale.

5. Arbeidet med utskifting av koparrøy i Mælandshagen er starta opp.
6. Opprusting av taket over frisørsalongen på sjukeheimen er ferdig.
7. Fleire av omsorgsbustadane er oppgradert med nytt kjøkken og måling.
8. Uteområdet på skulen er oppgradert med fleire nye leikeapparat og anna tilrettelegging for leik.

ORGANISASJON

Kommunereforma er krevjande for dei tilsette i Granvin herad. Der Voss kommune kan fordela arbeidsoppgåver på fleire tilsette, vil mange tilsette i Granvin få fleire oppgåver og roller. Til dømes har fleire av dei administrative arbeidsgruppene fleire undergrupper. Frå Granvin vil det ofte vere den same tilsette som representerer oss både i hovudgruppa og i undergruppene. I denne situasjonen er det viktig å avgrense dei politiske bestillingane til administrasjonen. Dette har politikarane i Granvin sett, og dei har vore balanserte i forventningane til administrasjonen.

TILSETTE OG LIKESTILLING

I Kommunelova § 48, 5. ledd, blir kommunane pålagde å gjera greie for kommunens faktiske tilstand når det gjeld likestilling mellom kjønna, og kva for tiltak som er sett i verk og/eller planlagde som vil fremma likestilling. Granvin herad har 85,94 årsverk. Av dei 143 fast tilsette er det 97 kvinner og 48 menn. Av desse er det 15 brannmenn i små stillingar der 13 er menn og 2 kvinner. Det er kvinneleg rådmann og ordførar. Granvin herad har nedfelt prinsipp om særleg fokus på likeløn mellom kvinner og menn både i høve basisløn og lønsutvikling.

Årsverkstalet har ikkje endra seg frå 2016 til 2017, men talet tilsette er auka. Det betyr at tilsette i

deltidsstillingar har auke i 2017. Dette er på tvers av eigne og nasjonale målsettingar.

SJUKEFRÅVÆR

Korttidsfråværet gjekk noko opp i 2017, men langtidsfråværet gjekk markant ned. Granvin sine sjukefråværstal er så små at prosentsatsen kan variera stort. Det er naturlege variasjonar mellom langtids- og korttidsfråværet. Samla sett er sjukefråværet svært lågt sett opp mot kommunal sektor generelt. Det har vore jobba systematisk over år med dei utsette verksemndene både frå leiinga og frå vernetenesta. Dette har gjeve resultat.

Sjukefråvær	2015	2016	2017
Snitt norske kommunar	9,93	9,84	9,9
Samla Granvin	5,4	6,8	5,23
Granvin, legemeldt	4,8	6,2	4,56
Granvin, eigenmeldt	0,8	0,2	0,7

Det har ikkje vore hendingar eller ulukker som har vore av ein slik alvorsgrad at det er meld til arbeidstilsynet eller forsikringsselskap.

INTERNKONTROLL OG ETIKK

Det er viktig å ha gode rutinar, reglement og oppfylgingspraksis for å sikra internkontrollen. I Granvin har me vedteke delegasjonsreglement og etisk reglement som set rammene for ansvar og mynde både for dei politiske organa og for administrasjonen. Granvin herad er ein to-nivåkommune med utstrekkt delegert mynde. Dette betyr samstundes at sentraladministrasjonen med økonomisjef og personalkonsulent har eit kontrollansvar overfor einingane.

Einingane rapportere på økonomi, personal og drift kvar tertial. Denne rapporten blir handsama både i formannskap og heradsstyret.

29. mars 2017 arrangerte me heildaseminar for politikarar og einingsleiarar med mellom anna temaet habilitet og etikk med førelesar frå KS sitt folkevaldopplæringsprogram.

27. november 2017 arrangerte med HMT-dag med tema *Risikovurdering av vald og truslar*. Målet med dagen var både å avdekke risiko for vald og truslar, men også å jobbe inn risikovurdering som verktøy for internkontrollen.

ARBEIDSMILJØ OG HMT-ARBEID

I 2017 blei det gjennomført arbeidsmiljøundersøking blant alle tilsette i heradet. Ein valde å nytta KS sitt opplegg; 10-faktor. Dette er ei enkel undersøking der det er den einingsvise oppfylginga i etterkant som er viktig. Granvin herad skåra jamt over godt på undersøkinga. Det er noko variasjon mellom einingane, men ein ligg på landsgjennomsnittet på dei fleste faktorane. Alle einingane har jobba fram handlingsplanar knytt til sine utfordringar. Granvin herad er ei IA verksemd og er tilknytt Bedriftshelse 1.

Det blei halde HMT-dag 6. desember der ein hadde fokus på risikokartlegging av vald og truslar i alle avdelingane. Det blei halde 3 møte i Arbeidsmiljøutvalet som handsama 17 saker.

Det er få avviksmeldingar knytt til arbeidsmiljø, og sjukefråværsprosenten indikerer at det er jamt over eit godt arbeidsmiljø i Granvin herad.

Vernetenesta gjennomfører vernerundar for å kartleggja det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet, og alle skal få tilbod om medarbeidarsamtale ein gong for året.

Det er meldt i underkant av 60 avvik, men det er ulik bruk av avvikssystemet i dei ulike einingane.

Det er viktig å få opp bruken av avvikssystemet da dette er ein viktig del av internkontrollsystemet til heradet. Avvika blir handtert av einingsleiar og rapportert til AMU.

BEREDSKAP

Kommunal kriseleiing blei sett ned 4. desember 2017. Det var varsle store nedbørsmengder og etter heradet sine rutinar skal KKL setjast i beredskap ved

oransje varslingsnivå. Naudsynte tiltak blei sett i verk og hendinga gjekk over utan store konsekvensar. Klimaendringane er merkbare i vestlandsbygdene og heradet må vere førebudd på meir vatn og fleire alvorlege hendingar knytt til flaum og ras.

INTERKOMMUNALT SAMARBEID

Kommunesamanslåinga med Voss får konsekvensar for Granvin sine samarbeid med andre kommunar. I 2017 blei legesamarbeidet med Ulvik og Eidfjord sagt opp og det blei inngått vertskommuneavtale med Voss om å overta drifta av Granvin legekontor fram til samanslåingstidspunktet. Avtala om felles turnuslege med Ulvik held fram til medio 2019.

Granvin har framleis felles brannsjef og skulefagleg ansvarleg med Ulvik og Eidfjord og kjøper tenester frå Hardanger barnevern i Odda. PPT tenester vert kjøpt frå Voss.

Granvin herad er del av Hardangerrådet IKS, og er medeigar i Indre Hordaland miljøverk.

POLITIKK

Under er ei opplisting av dei viktigaste politiske sakene som blei handsama i 2017

1. Vertskommuneavtale med Voss om overføring av ansvar for legetenesta i Granvin til Voss kommune. Avtala legg opp til ei redusert opningastid i Granvin, men med faste legar frå Voss. Kommuneoverlegefunksjonen blei overført frå Ulvik til Voss ved årsskiftet.
2. I samarbeid med Voss kommune blei det utarbeidd like kriteria for tildeling av heildøgns omsorg, både knytt til institusjonsplassar og omsorgsbustadar.
3. Reguleringsplan for Nesbø hellegneissone. Heradsstyret vedtok reguleringsplanen i januar. Det blei klaga på vedtaket, og klagen blei sendt til

fylkesmannen i Sogn og fjordane for handsaming. Klagarane fekk delvis medhald og saka har blitt sendt tilbake til heradet for vidare utgreiingar og ny politisk handsaming.

4. Sommaren 2017 gjennomførde Norconsult ein totalgjennomgang av Tueteigen barnehage. Dei fekk i oppdrag å gjere ei teknisk og pedagogisk vurdering om Tueteigen er eigna til barnehage i eit langsiktig perspektiv. Konklusjonen til Norconsult var at behovet for ombygging var stort for å tilfredsstilla dagens og framtidas krav til ein barnehage, og dei tilrådde at det blei bygd ny barnehage i Granvin. Heradsstyret sette ned ein politisk komite for å føra saka vidare.
5. Etter at Voss vidaregåande flytta ut av yrkesskulebygget har bygget stått tomt. Etter søknad frå lag og foreiningar opna Granvin herad for å leige ut bygget og flytta ungdomsklubben dit. Det har vore eit viktig tiltak for folkehelse og trivsel særleg for ungdommane i Granvin.
6. Granvin herad valde å ikkje gå inn i Vest brann og redningsregion. Heradet stilte seg positiv til samarbeidet, men ynskte ikkje å gå inn før 2020.
7. Det blei vedteke planstrategi våren 2017. Her blei behovet for planar vurdert opp mot kommunesamanslåinga. Det er viktig å ikkje utarbeida planar som får ei levetid på 1 år.

Det er utarbeidd Kulturminneplan som blei vedteken i 2017. Dette er ein plan som blei finansiert med eksterne midlar, og som er viktig dersom ein ynskjer å søkje støtte til tiltak på kulturminnefeltet.

I planstrategien blei det også peika på behovet for å utarbeide ein lokalsamfunnsstrategi. Dette er eit dokument som skal samordnast med den nye kommuneplanen for nye Voss herad, men som skal ha fokus på Granvin «Frå kommune til bygd».

Etter ein periode med utfordrande ungdomsmiljø blei det utarbeidd ein tverrfagleg plan for oppfylging av ungdom. Her skal skule, helse og ungdomsarbeidet samordnast til beste for ungdommen i Granvin.

8. Granvin herad krov oreigning av areal for realisering av plan om småbåthamn. Skjønsavgjersla låg føre i 2017, men grunneigarane krov overskjønn. Lagmannsretten avviste klagen og saka er no avslutta.
9. Etter den statlege gjennomgangen av oppgåver til kommunane, har kommunane no fått mynde til å vigsle ektepar. Granvin herad vedtok retningslinjer for dette i desember 2017.

9.3.2018

Trude Hoflandsdal Letnes
Rådmann

Rekneskap 2017

ØKONOMISJEFEN SIN KOMMENTAR

Rekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 1.999.076,94 og eit udisponert overskot på kr. 4.308.684,94

DRIFTSREKNESKAP

Inntekter

Driftsinntektene er på ca. 96,6 mill. kr. som er om lag som året før.

Utgifter

Driftsutgiftene ligg på ca. 96,9 mill.kr., noko som er ca 3,9 % høgare enn i 2016.

Av auken er 2,5 mill. kr. utbetaling av tilskot til bustadbyggjarar. Dette vert dekka av midlar frå bunde fond som ein tidlegare har motteke frå husbanken.

Einingane:

Resultat i høve budsjett (underskot med negativt forteikn)

	Rekneskap	Budsjett	Resultat
	2017	2017	2017
210 Stab/støtte	10 774 651,25	11 619 500,00	844 849,00
215 Kultur	699 111,19	941 000,00	241 889,00
220 Barnehage	5 408 568,46	5 707 000,00	298 432,00
230/235 Undervisning/musikksk.	14 971 306,99	15 286 000,00	314 693,00
250 Helse & Omsorg	24 590 970,35	24 956 000,00	365 030,00
270/280 Teknisk/landbruk	9 465 716,11	9 202 500,00	-263 217,00
290 Finans	-70 219 009,30	-67 712 000,00	2 507 009,30
Regnskapsmessig mindreforbruk		4 308 685	

Einingane kom samla sett ut med eit overskot i høve til budsjett på drifta på 1.801.676,- Kr. 764.517,- av dette skriv seg frå pensjonsutgiftene.

Finans har eit overskot på 2,5 mill. kr, noko som skriv seg frå låge renter på lån, god skatteinngang og god likviditet.

Stab/støtte kjem godt ut mellom anna pga. tilbakebetaling av eit likviditetslån til Granvin Næringsbygg. Ein har også hatt langtidsjukmeldingar som ikkje har vore tilsett vikar i.

Elles går revisjon, fellesstenester, bibliotek med overskot i høve til budsjett.

Barnehagen, skulen og pleie og omsorg har alle vist svært god budsjettkontroll, og kjem ut med eit positivt resultat i 2017. Teknik er einaste einig som går med underskot i 2017. Her er det brøyting og reinhald som står for mesteparten av det negative resultatet.

Einingane har utført ein god budsjettkontroll i 2017.

Brutto driftsresultat:

Er driftsresultat før finansrekneskapen: kr -270.660,96.

Finansrekneskap

Resultatet av eksterne finantransaksjonar er kr. -2.726.244,- som er i overkant av 1,8 mill. kr. betre enn budsjettet.

Hovudgrunnen til dette finn ein i god likviditet låge renter på låna.

Netto driftsresultat

Etter finantransaksjonane kjem ein fram til netto driftsresultat på kr. 1.999.076,94- som er 2% av driftsinntektene.

Bruk og avsetjing til fond i driftsrekneskapen:

Det er brukt kr. 6.380.038,- av fond og avsett kr. 4.070.430.

Av bruken er kr. 1.553.430,- frå disp.fond, kr.2.499.350 frå bundne fond og 2.327.258 frå overskotet i 2016.

Det er avsett kr. 3.733.188 til disp.fond. Av dette er kr. 1.428.000,- budsjettert overskotsavsetning, og kr. 1.853.000,- udisponert overskot frå tidlegare år.

Avsetting til bundne fond utgjer kr. 174.242.

Rekneskapsmessig resultat

Resultatet etter avsetjingar og bruk av avsetjingar er kr. 4.308.684,94 (rekneskapsmessig mindeforbruk)

Investering:

Det er i 2017 investert for kr. 23.426.200,- eks.mva.

Største investeringa har vore omsorgsbustader på Eide med 12,3 mill. kr. På vegn til Skår er det brukt 3,4 mill. kr. i 2017.

Eide byggefelt er utgiftsført med 1,3 mill. kr. På skulebygget er det brukt 1,2 mill. kr.

Det er brukt lån på kr. 16,7 mill.- til investeringar i 2017.

Av dette er kr. 7.2 teke opp i 2017. Resten ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

Det er ikkje teke opp nye startlån i 2017, men brukt kr. 2,5 mill. av ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.

Balansen:

Aktiva:

Sum eidegar er bokført pr. 31.12.2017 med kr. 378.197.229,31

Heradet hadde pr. 31.12.2017 kr. 43.188.218,27 i banken.

Bokførte pensjonsmidlar er kr. 126.484.990,-

Passiva:

Lånegjelda utgjer pr. 31.12.2017 kr. 87.957.342,- og er auka kr. 3.638.838,- frå året før.

Av lånegjelda er kr. 16.669.730,- startlån frå husbanken.

Netto lånegjeld pr. innbyggjar er ca kr. 76.600,-

Berekna pensjonsansvar er kr 155.186.416,79

Sluttkommentar:

Reduserte utgifter innan fellesområdet, låg rente på lån, god skatteinngang/skatteutjamning, bra likviditet og god budsjettkontroll er alle element som gjer at driftsresultatet i 2017 vert bra.

Lånegjelda har auka litt også i 2017, men er framleis innanfor det heradet kan tåle.

Arne Nedkvitne

Øk.sjef

Driftsrekneskap 2017

Økonomisk oversikt - drift	Note	Rekneskap		Opphavleg budsjett 2017	Rekneskap 2016
		2017	Justert budsjett 2017		
Driftsinntekter					
Brukerbetalinger		4 415 728,51	4 226 400,00	4 226 400,00	4 686 159,87
Andre salgs- og leieinntekter		6 354 627,60	6 096 000,00	6 096 000,00	6 692 112,25
Overføringer med krav til motytelse		11 180 904,19	7 945 000,00	4 215 000,00	12 747 771,91
Rammetilskudd		46 520 330,70	47 542 000,00	46 892 000,00	46 127 191,00
Andre statlige overføringer		403 295,00	470 000,00	470 000,00	491 640,00
Andre overføringer		0,00	0,00	0,00	0,00
Skatt på inntekt og formue		23 162 518,28	21 300 000,00	21 300 000,00	20 977 986,32
Eiendomsskatt		4 617 427,64	4 621 000,00	4 621 000,00	4 889 446,23
Andre direkte og indirekte skatter		30 716,00	30 000,00	30 000,00	30 716,00
Sum driftsinntekter	1	96 685 547,92	92 230 400,00	87 850 400,00	96 643 023,58
Driftsutgifter					
Lønnsutgifter		48 544 909,56	46 378 000,00	46 073 000,00	48 478 317,79
Sosiale utgifter		12 393 260,94	13 037 000,00	13 097 000,00	12 361 529,27
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon		22 150 016,08	21 244 400,00	12 937 400,00	21 174 066,29
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon		6 476 347,40	6 977 000,00	6 149 000,00	6 090 260,87
Overføringer		8 836 368,11	8 902 000,00	2 476 000,00	6 230 468,48
Avskrivninger	12	4 995 982,88	4 995 000,00	0,00	4 903 624,40
Fordelte utgifter		-6 440 676,09	-6 441 000,00	0,00	-6 006 381,51
Sum driftsutgifter	1	96 956 208,88	95 092 400,00	80 732 400,00	93 231 885,59
Brutto driftsresultat		-270 660,96	-2 862 000,00	7 118 000,00	3 411 137,99
Finansinntekter					
Renteinntekter og utbytte		1 457 218,11	800 000,00	800 000,00	1 097 357,92
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)		79 865,65	100 000,00	100 000,00	1 234 754,00
Mottatte avdrag på utlån		160 000,00	0,00	0,00	14 000,00
Sum eksterne finansinntekter		1 697 083,76	900 000,00	900 000,00	2 346 111,92
Finansutgifter					
Renteutgifter og låneomkostninger		1 687 611,73	2 789 000,00	2 789 000,00	1 517 648,59
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)		0,00	0,00	0,00	289 546,00
Avdrag på lån	16	2 735 717,00	2 646 000,00	2 646 000,00	2 751 602,00
Utlån		0,00	0,00	0,00	220 000,00
Sum eksterne finansutgifter		4 423 328,73	5 435 000,00	5 435 000,00	4 778 796,59
Resultat eksterne finanstransaksjoner	1	-2 726 244,97	-4 535 000,00	-4 535 000,00	-2 432 684,67
Motpost avskrivninger	12	4 995 982,87	4 995 000,00	0,00	4 903 624,40
Netto driftsresultat		1 999 076,94	-2 402 000,00	2 583 000,00	5 882 077,72
Interne finanstransaksjoner					
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk		2 327 258,00	2 327 000,00	0,00	3 525 678,76
Bruk av disposisjonsfond	6	1 553 430,00	1 553 000,00	0,00	806 833,38
Bruk av bundne fond	6	2 499 350,00	2 422 000,00	40 000,00	1 076 284,15
Sum bruk av avsetninger		6 380 038,00	6 302 000,00	40 000,00	5 408 796,29
Overført til investeringsregnskapet		163 000,00	163 000,00	163 000,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk		0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	6	3 733 188,00	3 737 000,00	2 460 000,00	4 892 292,76
Avsatt til bundne fond	6	174 242,00	0,00	0,00	846 323,00
Sum avsetninger		4 070 430,00	3 900 000,00	2 623 000,00	5 738 615,76
Regnskapsmessig mer/mindreforbruk		4 308 684,94	0,00	0,00	5 552 258,25

Investeringsrekneskap 2017

Økonomisk oversikt - investering	Rekneskap 2017	Justert budsjett 2017	Opphavleg budsjett 2017	Rekneskap 2016
Inntekter				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	1 655 971,00	200 000,00	200 000,00	515 947,80
Andre salgsinntekter	0,00	0,00	0,00	113 084,80
Overføringer med krav til motyelse	701 000,00	8 424 000,00	0,00	335 990,00
Kompensasjon for merverdiavgift	5 370 391,46	5 371 000,00	0,00	992 975,32
Sum inntekter	7 727 362,46	13 995 000,00	200 000,00	1 957 997,92
Utgifter				
Lønnsutgifter	205 015,48	0,00	0,00	115 134,29
Sosiale utgifter	44 001,95	0,00	0,00	12 655,01
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	23 177 182,67	36 020 000,00	9 560 000,00	7 743 115,05
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer	5 771 391,46	5 772 000,00	100 000,00	992 975,32
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum utgifter	29 197 591,56	41 792 000,00	9 660 000,00	8 863 879,67
Finanstransaksjoner				
Avdrag på lån	885 445,00	600 000,00	600 000,00	800 081,00
Utlån	2 499 982,00	5 000 000,00	5 000 000,00	4 180 000,00
Kjøp av aksjer og andeler	350 492,00	310 000,00	300 000,00	295 862,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til ubundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne investeringsfond	1 511 459,78	0,00	0,00	394 427,66
Sum finansieringstransaksjoner	5 247 378,78	5 910 000,00	5 900 000,00	5 670 370,66
Finansieringsbehov	26 717 607,88	33 707 000,00	15 360 000,00	12 576 252,41
Dekka slik:				
Bruk av lån	19 209 695,27	21 710 000,00	12 260 000,00	11 438 286,15
Salg av aksjer og andeler	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	2 307 922,35	600 000,00	600 000,00	1 137 966,26
Overført fra driftsregnskapet	163 000,00	163 000,00	163 000,00	0,00
Bruk av tidligere års udisponert	3 225 000,25	3 225 000,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	596 000,00	4 878 000,00	2 337 000,00	0,00
Bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	1 215 990,01	3 131 000,00	0,00	0,00
Bruk av bundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum finansiering	26 717 607,88	33 707 000,00	15 360 000,00	12 576 252,41
Udekk/uvisst	0,00	0,00	0,00	0,00

Balanse 2017

	2017	2016
Omløpsmidler	51 924 173,42	63 870 750,71
Anleggsmidler	326 273 055,89	292 712 008,08
Sum egedelar	378 197 229,31	356 582 758,79
Kortsiktig gjeld	15 682 067,50	13 989 495,99
Langsiktig gjeld	243 143 758,79	230 344 087,44
Bokført eigenkapital	119 371 403,02	112 249 175,36
Sum gjeld og eigenkapital	378 197 229,31	356 582 758,79

NOTER TIL ÅRSREKNESEN 2017, GRANVIN HERAD

NOTE 1

ENDRING I ARBEIDSKAPITALEN

	Kapittel	Saldo 01.01	Saldo 31.12	Endring
Omløpsmidler	2.1	63 870 751	51 924 173	-11 946 577
Kortsiktig gjeld	2.3	13 989 496	15 682 068	1 692 572
SUM ENDRING I BALANSEN				-13 639 149
Endring mem.konti ubrukte lånemidler				11 949 696
Endring regnskapsprinsipp				0
Sum endring av avstemming mot drifts- og investeringsregnskapet				-1 689 453
FRÅ DRIFT OG INVESTERING:				
Sum inntekter		Frå drift	Frå investering	
Sum utgifter		96 685 547	7 727 362	
Avskrivninger		96 956 209	29 197 592	
Eksterne finansieringsinnt.		4 995 983		
Eksterne finansieringsutg.		1 697 084	21 517 618	
SUM DIFF. DRIFTS/INVESTERINGS		4 423 329	3 735 919	
		1 999 076	-3 688 530	-1 689 453

NOTE 2

PENSJONSFORPLIKTINGAR

Ordning	KLP	SPK	Rekneskap 2017	totalt Rekneskap 2016
Nåverdi av årets pensjonsoptjening	4 529 856	968 216	5 498 072	5 561 377
Rentekostnad av pensjonsforpliktelser	5 331 041	599 524	5 930 565	5 569 711
Avkastning på pensjonsmidler	-4 943 467	-446 751	-5 390 218	-4 987 146
Netto pensjonskostnad	4 917 430	1 120 989	6 038 419	6 143 942
Administrasjonskostnader	369 895	31 591	401 486	404 951
Amortisering av premieavvik	935 775	-48 712	887 063	849 704
Avregning tildelegare år		0	0	0
Samla kostnad	6 223 100	1 103 868	7 326 968	7 398 597
Forfalt premie	5 952 550	1 109 846	7 062 396	6 887 437
Premie dekka av premiefond (oppf.felt)			0	0
Administrasjonskostnad	-369 895	-31 591	-401 486	-404 951
Netto pensjonskostnad	-4 917 430	-1 120 989	-6 038 419	-6 143 942
Premieavvik	665 225	-42 734	622 491	338 544
Akkumulert premieavvik pr. 31.12	3 835 231	-385 356	3 449 875	3 771 942
<i>Opplyste pensjonsforpliktelser pr 31.12.</i>				
Beregnet effekt av fremtidig lønnsregulering				
Beregnde pensjonsforpliktelser pr 31.12	135 879 749	16 555 835	152 435 584	143 014 543
Pensjonsmidler (til markedsværdi) pr 31.12	-114 862 292	-11 622 798	-126 485 090	-114 609 251
Ikke resultatført virkning av estimatavvik			0	0
= Netto pensjonsforpl. eks. arb.g.avgift	21 017 457	4 933 037	25 950 494	28 405 292
Arbeidsgiveravgift	2 227 850	522 902	2 750 752	3 010 961
Netto pensjonsforpliktelse	23 245 307	5 455 939	28 701 246	31 416 253
Økonomiske foresetnader:				
Diskonteringsrente	4,00%	4,00%		
Forventet lønnsregulering	2,97 %	2,97 %		
G-regulering	2,97 %	2,97 %		
Forventet avkastning på fondsmidler	4,50 %	4,20 %		
Pensjonsregulering	2,20 %			
Forventet årlig avgang				
Amortifiseringstid 2002-2010	15	15		
Amortifiseringstid 2011-2013	10	10		
Amortifiseringstid fra 2014	7	7		

NOTE 3

GARANTIANSVAR

Heradet sitt garantiansvar pr. 31.12.2017 er fordelt slik

Gjeve til - navn	Adresse	Beløp	Avsluttast dato
Indre Hordaland Miljøverk	5700 Voss	233 750	29.07.2022
Sum garantiansvar		233 750	

Det er ikke stilt garanti for dei tilsette sine lån. Det har ikke oppstått tap på garanti eller vorte innfridd garantiar i 2017.

NOTE 4

FORDRINGAR OG GJELD TIL KOMMUNALE FØRETAG, VERKSEMDER OG SAMARBEID jf kommuneloven §§ 11 og 27

Kommunal verksemd - navn:	Fordringar	Gjeld
Granvin Næringsbygg AS	60 000,00	0

NOTE 5

AKSJAR OG ANDELAR I VARIG EIGE

Selskapet sitt navn	org. nr.	Balanseført verdi
DAG OG TID	911092417	250,00
KVEIK AS	925876453	30 000,00
A/S BIBLIOTEKSENTRALEN	910568183	300
HARDANGERBRUA AS	942032757	10 000,00
BKK. AS	880309102	2 584 460,00
FOLGEFONN SOMMARSKISSENTER AS	874459062	1 000,00
REISEMÅL DESTINATION HARDANGER FJORD A/S	966818271	30 000,00
INDRE HORDALAND MILJØVERK IKS	971155876	4 600,00
KLP	938708606	2 969 280,00
VOSS OG OMLAND BOMPENGESELSKAP AS	986435085	50 000,00
GRANVIN NÆRINGSBYGG AS	990047650	653 000,00
NÆRINGSHAGEN I HARDANGER	915766641	10 000,00
		6 342 890,00

NOTE 6**FOND, AVSETNING OG BRUK AV FONDSMIDLAR****Samla for alle fondstypar**

	2017	Budsjett 2017	2016
Avsetninger	5 418 890	4 576 000	6 133 044
Bruk av avsetninger	5 864 770	11 984 000	1 883 118
Netto avsetninger	-445 880	-7 408 000	4 249 926

Spesifisert for kvar fondstype

Disposisjonsfond	2017 Beløp	Budsjett 2017 Beløp	2016 Beløp
Beholdning 01.01.	14 848 902	14 848 820	10 763 442
Bruk av fondene i dr.regnskapet	1 553 430	1 553 000	806 833
Bruk av fondet i inv.regnskapet	596 000	4 878 000	
Avsetninger til fondet	3 733 188	4 576 000	4 892 293
Beholdning 31.12.	16 432 660	12 993 820	14 848 902

Bundne driftsfond	Beløp	Beløp	Beløp
Beholdning 01.01.	3 838 859	3 838 859	4 068 820
Bruk av fondene i dr.regnskapet	2 499 350	2 422 000	1 076 284
Bruk av fondene inv.regnskapet			
Avsetninger til fondene	174 242	0	846 323
Beholdning 31.12.	1 513 751	1 416 859	3 838 859

Ubundne investeringsfond	Beløp	Beløp	Beløp
Beholdning 01.01.	8 951 157	8 951 157	8 951 157
Avsetninger til fondene			
Bruk av fondene	1 215 990	3 131 000	
Beholdning 31.12.	7 735 167	5 820 157	8 951 157

Bundne investeringsfond	Beløp	Beløp	Beløp
Beholdning 01.01.	1 874 422	1 874 422	1 479 994
Avsetninger til fondene	1 511 460	0	394 428
Bruk av fondene			
Beholdning 31.12.	3 385 882	1 874 422	1 874 422

NOTE 7**ENDRINGAR I KAPITALKONTO 2017****KAPITALKONTO (2.5990) FOR GRANVIN HERAD
PR. 31.12.17**

	Debet	Kredit
1.1. 00 Saldo (undersk i kapital)		-76 296 340
Debetpostar i året		Kreditpostar i året
Sal av fast eidegod og anlegg	1 655 971	1.1.00. Saldo (kapital)
Sal av utstyr, maskiner og transportmidlar		Oppskriving av fast eidegod og anlegg
Endring Pensjonsforpliktsar		Aktivering av utstyr, maskiner og transportmidlar og fast eidegod
Av- og nedskriving av utstyr, maskiner og transportmidlar og fast eidegod	746 205	-695 000
Sal av aksjar og andelar		-27 613 344
Nedskriving av aksjer og andeler		Endring Pensjonsforpliktsar
Avdrag på lån		Kjøp av aksjar og andelar
Avdrag på næringsfondslån		Oppskriving av aksjer og andeler
Avdrag på utlån	2 467 922	Utlån Utlån til eigne bedrifter
Avdrag sosiale utlån		-2 499 982
Avskriving av . utlån	50 827	0
Bruk av midlar frå eksterne lån	19 209 695	Sosiale utlån
31.12.16 Balanse (kapital)	85 108 023	Avdrag på eksterne lån
31.12.17 Balanse (Underskot i kapital)		-3 621 162
Sum debet	113 791 326	sum kredit
		-113 791 326

NOTER ETTER KOMMUNAL REKNESKAPSSKIKK

8

8 - Nyttrekneskapsprinsipp og vurderingsregler

Grunnleggende rekneskapsprinsipp og god kommunal rekneskapskikk

Årsrekneskapet er ført i samsvar med god kommunal rekneskapskikk, både når det gjeld sjølvrekeneskapsføringa og når det gjeld den økonomiske informasjonen årsrekneskapet gjev.

- All tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd går fram av driftsrekneskapet eller investeringsrekneskapet. Rekneskapsføring av tilgang og bruk av midlar berre i balanserekneskapet førekjem ikkje.
- Alle utgifter, utbetalinger, inntekter og innbetalingar er rekneskapsført brutto. Dette gjeld også for dei interne finansieringstransaksjonane. Det er såleis ikkje gjort frådrag for tilhøyrande inntekter til utgjiften, og det er heller ikkje ført inntekter med frådrag for eventuelle tilhøyrande utgifter.
- Alle kjende utgifter, utbetalinger, inntekter og innbetalingar i året er teke med i årsrekneskapet for vedkomande år, enten dei er betalt eller ikkje når årsrekneskapet er avslutta.
- For lån er berre den delen av lånet som faktisk er brukt i løpet av året ført i investeringsrekneskapet. Den delen av lånet som ikkje er brukt, er registrert som memoriapost.

Klassifikasjon av egedeler

Egedeler avgjort til varig eige eller bruk for heradet, er vurdert som anleggsmiddel.
Andre egedeler er vurdert som omløpsmidler.

Verdisetting av egedeler

Anleggsmidlar

Anleggsmidlar er vurdert til innkjøpskost. Anleggsmidlar

med avgrensa økonomisk levetid vert avskrive med like store årlege summar over levetida til anleggsmiddelet frå innkjøpstidspunktet eller det tidspunktet anleggsmiddelet vart teke i bruk.

- Anleggsmidlar er nedskrevne til verkeleg verdi i balansen ved verdifall som ein forventar er varig. Nedskrivning er reversert i den utstrekning grunnlaget for nedskrivninga ikkje lenger er til stades.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlar er vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi.

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurdert til verkeleg verdi.

Klassifikasjon av gjeld

Langsiktig gjeld

Langsiktig gjeld er klassifisert ut i frå dei føremål som er definert i kommunelova sin § 50 med unntak av likviditetstrekkrettar og –lån som vert reknar som kortsiktig gjeld. Dette gjeld også sjølv om gjelta har ein avtalt løpetid som er kortare enn eitt år og forfall i løpet av rekneskapsåret, så lenge føremålet med finansieringa er som definert over. Avdrag på langsiktig gjeld som forfall til betaling i påfylgjande rekneskapsår vert også reknar som langsiktig gjeld. All annan gjeld er klassifisert som kortsiktig.

Verdisetting av gjeld

Gjeld vert vurdert til pålydande i norske kroner på det tidspunktet gjelta oppstod.

9

9 - Organisering av verksemda

Granvin herad sine samla utgifter går fram av rekneskapet i 2017. Heradet kjøpte tenester innan skatteinnkrevjing, PPT, data og legetenester frå Voss kommune i 2017. Heradet har også eit samarbeid med Ulvik herad om byggesaker. Ein samarbeider om legetenester, brannsjef og skulefagleg ansvarleg med Ulvik og Eidfjord. Heradet kjøper tenester

innan barnevern frå Odda kommune. Utgjiftene til dette kjem fram som refusjonar til/frå andre kommunar i rekneskapen.

Renovasjonstjenester vert handsama av det interkommunale selskapet Indre Hordaland Miljøverk..

10-11

10 - Spesifikasjon av vesentlege postar

11 - Vesentlege transaksjonar

12

12 - Anleggsmidlar

Anleggsmidlar vert avskrive over forventa økonomisk levetid med like store årlege beløp.

Avskrivningsplan og forventa økonomisk levetid:

Gruppe	Forventa levetid	Metode avskriving	Sats
Forretningsbygg, lagerbygg, administrasjonsbygg o.a.	50 år	Lineær	2 %
Bustader, skoler, barnehagar, idrettshallar, veier o.a.	40 år	Lineær	2,5 %
Brannbiler, parkeringsplassar, tekniske anlegg o.a.	20 år	Lineær	5 %
Anleggsmaskiner, maskiner, inventar og utstyr o.a.	10 år	Lineær	10%
EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande	5 år	Lineær	20%

Varende driftsmidlar:	Bygg, vegar, leidningsnett o.a.	Tekniske anlegg, maskiner og transportmidlar	EDB-utstyr, kontormaskiner og liknande	SUM
I.B 01.01	152 512 754	1 880 448	684 417	155 077 620
Tilgang kjøpte driftsmidlar				
Tilgang egen tilvirkede driftsmidlar	27 613 344	695 000	–	28 308 344
Avgang	1 958 880			
Akkumulerete avskrivningar 01.01	27 835 637	2 865 517	5 347 109	36 048 263
Akkumulerete avskrivningar på driftsmidlar seld i år				
Akkumulerete avskrivningar 31.12	32 085 415	3 165 661	5 793 171	41 044 246
Årets avskrivningar	4 249 778	300 144	446 062	4 995 983
Bokført verdi 31.12	173 917 441	2 275 304	238 356	176 431 101

13**13 - Investeringsoversikt, pågående prosjekt**

Spesifikasjon av pågående nybygg- og anleggsprosjekt, større enn 100.000,-

Investerings/prosjekt	Forventa ferdig	Budsjett totalt	Medgått hittil	Medgått i år	Medgått tidl. år
Grindbygg idrettsplass	2018	400 000	301 000,00	301 000,00	0,00
Eide byggffelt	2018	2 000 000	1 342 302,92	1 342 302,92	0,00
Mælandshagen	2018	1 700 000	917 890,58	917 890,58	
Vegopprustning - asfalteringh	2018	2 000 000	0,00	0,00	
Asfaltering skule	2018	675 000	0,00	0,00	
Park/Uteanlegg	2018	300 000	0,00	0,00	
Skielva byggefelt	2017	11 509 000	10 422 844,88	452 532,05	9 970 312,83
Vassleidningar	2017	1 608 000	1 510 716,57	0,00	0,00
Veg til Skår	2018	5 000 000	4 274 276,64	3 453 424,63	820 852,01
Braannhydrantar utskift.	2018	100 000			
Omsorgsbustader Eide	2018	18 533 000	12 663 618,19	12 385 043,19	278 575,00

14**14 - Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar**

Marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar er vurdert til verkeleg verdi.

Klasse	Anskaffelseskost 31.12.2017	Markedsverdi 31.12.2017	Resultatført verdiendring	Balanseført verdi 31.12.2017
Aksjefond Aon		-	54 466	-
Obligasjonsfond Aon		-	25 352	-
Pengemarkedsfond Aon		-	-	-
Bankinnskot Aon		-	48	-
SUM		-	79 866	-

Porteføljen av marknadsbaserte, finansielle omløpsmidlar vart avslutta i løpet av 2017.

Pr. 31.12.2017 hadde heradet ingen slike omløpsmidlar.

15**15 - Anleggsobligasjonar**

Obligasjonar som vert haldne til forfall og der føremålet med eigarskapen ikkje er finansielt motivert, er klassifisert som anleggsmidlar. Granvin herad har ikkje anleggsobligasjonar pr. 31.12.2017.

16**16 - Langsiktig gjeld**

Långivar	Type gjeld	Løpetid	Rentetype	Rentesats	Attverande lån	Utgiftsførte avdrag
Husbanken	Lån	20 år	Variabel	1,58 %	710 000	40 000
Husbanken	Lån	20 år	Variabel	1,58 %	2 600 000	100 000
Husbanken	Lån	20 år	Variabel	1,58 %	4 237	1 650
Husbanken	Lån	20 år	Variabel	1,58 %	0	5 295
Husbanken	Lån	20 år	Variabel	1,58 %	33 332	66 664
Husbanken	Lån	21 år	Variabel	1,51 %	2 273 168	119 472
Husbanken	Lån	20 år	Fast	4,20 %	1 425 600	518 400
Husbanken	Lån	20 år	Fast	4,20 %	400 109	15 204
Husbanken	lån	25 år	Fast	4,20 %	540 000	40 000
Husbanken	Lån	20 år	Fast	4,20 %	754 034	32 451
Husbanken	Lån	20 år	Variabel	1,58 %	3 621 662	136 668
Husbanken	Lån	20 år	Variabel	1,58 %	4 583 330	166 668
Husbanken	Lån	20 år	Variabel	1,58 %	4 749 998	250 002
Kommunalbanken	Lån	30 år	Variabel	1,50 %	16 410 660	911 720
Kommunalbanken	Lån	30 år	Fast	2,13 %	16 708 000	0
Kommunalbanken	Lån	20 år	Variabel	1,50 %	135 000	90 000
Kommunalbanken	Lån	25 år	Variabel	1,50 %	2 080 000	160 000
Kommunalbanken	Lån	20 år	Variabel	1,50 %	1 610 060	76 660
Kommunalbanken	Lån	25 år	Variabel	1,50 %	3 221 500	189 500
Kommunalbanken	Lån	25 år	Variabel	1,50 %	2 907 680	171 040
Kommunalbanken	Lån	25 år	Variabel	1,50 %	1 857 600	103 200
Kommunalbanken	Lån	25 år	Variabel	1,50 %	3 306 000	174 000
Kommunalbanken	Lån	25 år	Variabel	1,50 %	6 100 000	0
Kommunalbanken	Lån	30 år	Variabel	1,50 %	7 260 000	0
Kommunekredit	Lån	25 år	Variabel	1,50 %	4 380 000	292 000
Kommunekredit	Lån	20 år	Variabel	1,50 %	285 372	43 902
				SUM	87 957 342	3 704 496
						3 518 294

Minstefrådrag 4%

Minsteavdrag på kommunens lån er berekna som 4% av utgående lånesaldo i tråd med etablert praksis
Av kommunens gjeld på kr. **87.957.342,-** er kr. **20.269.870,-** husbanklån til vidareformidling til
bustadfinsiering for huseigarar i Granvin.

17**17 - Endring i rekneskapsprinsipp og spesifikasjon av udekka/udisponert beløp**

Endring i rekneskapsprinsipp drift	Rekneskap 2017
Behaldning 01.01	801 000
Endring i året	0
Behaldning 31.12	801 000
 Udisponert resultat(meir-/mindreforbruk)	 Rekneskap 2017
Behaldning 01.01	5 638 494
Årets udisponerte resultat drift	4 308 685
Årets disponering av resultat drift	(5 552 258)
Behaldning 31.12	4 394 921

18**18 - Vesentlege hefte**

Granvin Herad har ingen kjende, vesentlege hefte anna enn dei som er opprekna som gjeld eller garantiar i rekneskap og notar til rekneskapen.

19**19 - Berekning gebyrfinansierte sjølvkosttenester**

Område	2015	Endring 16/17	2016	2017
Vatn	Gebyrinntekter	2 220 564,97	-85 529	1 955 799,99
-	Direkte kostnader	-1 608 459,00	-124 317	-1 752 027,25
-	Indirekte kostnader	-284 089,00	32 727	-289 155,00
-	Avskrivningar	-283 323,00	208 834	-283 323,00
-	Renter	-215 015,00	66 011	-260 589,00
=	Årets over-/underskot	-170 321,03	97 725	-629 294,26
				-727 019,40
 Avløp	Gebyrinntekter	1 340 770,00	-35 337	1 369 241,74
-	Direkte kostnader	-523 816,00	-519 230	-1 071 605,00
-	Indirekte kostnader	-284 089,00	32 727	-289 155,00
-	Avskrivningar	-57 647,00	0	-65 929,00
-	Renter	-20 801,00	2 494	-18 569,00
=	Årets over-/underskot	454 417,00	-546 382	-76 016,26
				470 366,21
	Årets belasta lånesaldo			
 Feiing	Gebyrinntekter	199 314,00	-1 156	241 703,10
	Direkte kostnader	-227 410,00	79 312	-170 815,82
-	Indirekte kostnader	-94 696,33	10 800	-95 421,15
-	Kapitalkostnader			-106 221,06
	Årets over-/underskot	-122 792,33	88 955	-24 533,87
				-113 489,24

20**20 - Tal årsverk**

Kommunen hadde 86 årsverk i 2017. Utviklinga i tal årsverk går fram av tabellen under.

Alle/Formål	Endring	17/16	2017	2016	2015 og 2014
SUM	0	86	85	88	88

21**21 - Ytingar til leiande personar**

	Rådmann	Ordførar
Lønn	835.000	664.797
Pensjoner	167.000	133.000
Andre godtgjøringar	4 000	4 000

22**22 - Ytingar til revisor**

Revisjonshonorar 2017 kr. 175.320,-



Årsrapport 2017

Einingane i Granvin herad

INNHOLD

1	Driftsrapport frå einingane.....	2
1.1	Sentrale fellesnester, kultur og næring.....	2
1.2	Driftseining helse og omsorg.....	5
1.3	Driftseining teknisk.....	9
1.4	Driftseining skule	12
1.5	Driftseining Tueteigen barnehage	16
2	Investeringar 2017.....	18
3	Interkommunale samarbeid	20

1 Driftsrapport frå einingane

Teiknforklaring

I tabellane i økonomiplanen vert tidligare og framtidige års mål for kvalitet, drift og investeringar vist med fargar:

Målet nådd
Målet delvis nådd
Målet ikkje nådd
Målet vidareførast

1.1 Sentrale fellesinester, kultur og næring

Driftseininga inkluderer tenestetorg, rådmann, kultur, idrettsanlegg, ungdomsråd, næringsutvikling, startlån, bustadutvikling, samt tenester for resten av administrasjonen på heradshuset.

Når det gjeld rapportering av overordna drift av heradet blir det vist til rådmannens sin kommentar i årsmeldinga.

1.1.1 Sentrale fellesinester/tenestetorg

Tenestetorget er bemannna med to årsverk og blir leia av personalkonsulenten. Tenestetorget er heradet si fyrstelinje og har ansvar for publikumsmottak, post, arkiv, informasjon, fakturamottak og kontering, og anne merkantilt arbeid.

Tenestetorget har også i 2017 halde stengd på fredagar. Dette har fungert greitt så lenge NAV heller ikke har ope for «dropin» på fredagane. Det er viktig å kunne skjerma dei tilsette ein dag i veka for å gje rom til førefallande kontorarbeid. Publikum har høve til å møta sakhandsamarar etter avtale desse dagane.

I samband med kommunesamanslåinga skal arkivet i Granvin avluttast innan 31.12.2019, og ny arkivfunksjon etablerast. Dette er eit krevjande arbeid som hovudsakleg blir gjort lokale med noko støtte frå IKHA (interkommunalt arkiv i Hordaland). Granvin herad er i rute med dette arbeidet.

1.1.2 Kultur og næring

Kulturbanken:

Kulturbanken er vorte ein suksess. Biblioteket opplever auka bruk og utlån, huset vert mykje nytt. Alt frå småbarnstreff til konsert- /litteraturkveldar og arena for lag og organisasjonar i bygda.

Granvin bygdemuseum:

Granvin bygdemuseum blir drifta i eit samarbeid mellom heradet og Bygdatunets vener.

Bygdemuseum var ope i juli med Lara Vagt som omvisar. Til saman har om lag 800 personar vitja museet gjennom året. Tre av torsdagane i juli vart det helde konsert i tunet og Bygdatunets vener serverte kaffi og vaflar.

Knut Hamre har nytta Løflostova i samband med Masterclass undervisning på hardingfele.

Arbeidet med restaurering av kvernhuset heldt fram også i 2017. Byggmeister Håkon Kvestad AS fullførde restaureringsarbeidet med sysselsetjingsmidlar gjennom Hardanger og Voss Museum. Målet er å fullføra prosjektet på dugnad - sysselsetjings- og gåvemidlar utanfrå.

Granvin køyre- ride- og reielag har sett opp låvebygningen som dei starta på i 2016. Prosjektet går også inn i 2018 før det vert ferdig.

Bunadsmagasinet er på det nærmeste ferdig, det som står att er el. installasjon og litt arbeid med ventilasjon og dør. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Granvin bygdekvinnelag og Granvin bondelag.

Arealet nedanfor bygdatunet som har vore utsett for mykje overflatevatn er no grøfta og terrenget er heva med overskotsmassar frå arbeid på Eide. Likså er skråninga mot jernbanetraseen planert og tilslådd.

Granvin bygdamuseum har eit godt samarbeid med Hardanger og Voss Museum.

Kulturprisen 2017.

Kulturprisen 2017 vart 17. mai tildelt Knut A Kjerland av ordførar Ingebjørg Winjum.

Idrettsanlegg:

I 2017 vart Innandørs skytebane i Råe tildelt tippemidlar. Anlegget vart opna 7. oktober i 2016.

Turvegen Kjerland – Tveito er det nye prosjektet som er prioritet på topp for 2018.

«Yrkesskulebygget»

Etter at Voss Yrkesskule flytte sin aktivitet frå Granvin til Voss er huset no tilrettelagt som aktivitetsbygg for Granvin. 1. etasje er det Aktiv kropp som leiger medan 2. høgda er tilrettelagt ungdomsaktivitetar – ungdomsråd og ungdomsklubben UFU.

Vedlikehaldet og ombygging er utført av leigetakarane – Aktiv kropp i 1. høgda og UFU i 2. høgda.

UFU har tilbod til ungdommen 2 kveldar i veka – med godt frammøte.

Ungdomsråd:

Det har vore eit aktivt år for ungdomsrådet med mange viktige saker som vedkjem ungdommen i Granvin. Av sakene som ungdomsrådet har arbeidd med er ambulansesituasjonen i regionen – dette engasjementet er vidareført i Hardanger ungdomsråd og Hardanger ungdomsting.

Ungdomsrådet har hatt møter med Voss ungdomsråd for å planlegga organisering og aktivitetar etter at Granvin og Voss går saman i Voss herad.

I tillegg til saker som vedkjem Granvin har Ungdomsrådet delteke på Ungdommens fylkesting og møter i Hardanger ungdomsråd.

1.1.3 Økonomi

Netto driftsutgifter	R 2015	R 2016	R 2017	B2017	B 2018
Felles/adm	10 449 882	11 051 680	10 774 651	11 619 500	11 637 000
Kultur	439 025	729 437	699 111	941 000	1 035 000

Kommentarar rekneskap 2017:

Eininga fekk eit overskot i høve budsjett med kr. 844 849,-

Dette skuldast mellom anna tilbakebetaling av eit likviditetslån frå Granvin næringsbygg. Men det er også eit overskot i drifta både av fellesstener, bibliotek og revisjon. Noko skuldast at det ikkje er sett inn vikar i lengre sjukemeldingar.

1.2 Driftseining helse og omsorg

Eining for helse og omsorg har ansvar for desse tenestene:

- Sosialtenesta
- Barnevernstenesta
- Lækjartenesta
- Helse og skulehelsetenesta
- Miljøretta helsevern og folkehelse
- Fysioterapi
- Psykiatri
- Syns- og audiopedagogisk teneste
- Saker etter Alkohollova
- Re/habilitering
- Ergoterapi
- Omsorgsbustadar
- Open omsorg , her under;
 - Heimesjukepleie
 - Praktisk bistand
 - Matlevering
 - Tekniske hjelpemiddel
 - Tryggingsalarm
 - Dagsenter/arbeidsstove
 - Støttekontakt
- Institusjonsomsorg, her under;
 - Tilbod om dag/nattopphald
 - Dagtilbod for personar med demens
 - Korttids- , rehabiliterings- opphold
 - Langtidsopphald

1.2.1 Einingsleiaren har ordet

2017 har som 2016 vore eit år med mange utfordringar. Det er eit breitt ansvarsområde som ligg under denne eininga, ein er heilt avhengig av gode medarbeidrarar for at drifta i eininga skal rundt, og det har me i avdelinga for helse og omsorg.

Pleie og omsorgstenester:

Ved sjukeheimen har det vore bortimot fullt belegg heile året, og ved utgangen av året var det overbelegg. I 2017 har me pussa opp 5 leilegheiter med nytt kjøkken og bad, og bad i ei leilegheit. Totalt 5 kjøkken og 6 bad. Det står att 10 leilegheiter som skal oppgraderast med nytt røyroppligg, kjøken og bad. Me har såleis ikkje hatt fullt belegg her heile året.

6 nye omsorgsbustadar har vore under oppføring og skal vere ferdige i februar 2018.

Helse og skulehelsetenesta:

16 born vart fødde i 2017 og dette er andre året med høge fødselstal. Heldigvis fekk me tilsett helsesøster i 100 % stilling frå januar 2017. Då ho framleis er under utdanning har dette ført til at ho har vore noko vekke. Det er eit mål at alle nyfødde og deira foreldre får heimebesøk som fyrste konsultasjon, med både jordmor og helsesøster til stades.

Helsesøster har delteke i opplæring og kursing i BTI-Tidlig inn (BTI: bedre tverrfagleg innsats) i Voss kommune. Voss kommune har vore modellkommune for «Trygg oppvekst» med fokus på tidleg innsats for born med foreldre som er psykisk sjuke og/eller misbrukar rusmiddel. Det har vore skulehelseteneste to faste dagar, der helsesøster har hatt kontor på skulen.

På hausten vart det vedteke å midlertidig auke opp jordmortenesta til 20 % då ein såg at fødselstalet framleis heldt seg høgt.

Lækjarkontor:

Gjennom store deler av 2017 har det vore arbeidd mykje med å få til ei tenleg løysing på legemangelen i heradet. Me lukkast ikkje i å få tak i kvalifiserte søkerar på kommunelegestillinga og det har vore mange vikarlegar innom kontoret ila 2017. Frå hausten gjekk heradet inn på ein vertskommuneavtale med Voss kommune, der dei leverer legeteneste til kontoret i Granvin 3 dagar i veka.

Sosialteneste og NAV:

Sosialtenesta arbeider med personar som er i svært sårbare situasjoner og oppgåvene er fagleg krevjande. Totalt har sosialtenesta behandla 83 søknader om stønad, herav 14 søknader om naudhjelp. Det er ikkje alle søknader som fører til utbetaling. Det har vore arbeidd mykje med opplysning, råd og rettleiing i tenesta. Ingen personar/familiar har hatt sosialhjelp som einaste inntektskilde. Totalt har 23 personar søkt om stønad av ulikt slag gjennom NAV. Dette utgjer om lag 2,5 % av innbyggjarane i Granvin. Ein reduksjon på 0,1 % frå fjordåret.

Det har ikkje vore søknadar til Kvalifiseringsprogrammet (KVP)i 2017.

Rus og psykiatri:

I 2017 vart det oppretta ein 0,5 % stilling til dette arbeidet. Målsetjinga er å skape eit betre og nærmare arbeid innanfor dette feltet. Ein har dagtilbod ein dag i veka, og ein har starta opp lavterskelttilbod i form av støttesamtalar og fysisk aktivitet.

Barnevern:

Granvin kjøper barneverntenester av Hardanger barnevern. I tillegg har Granvin ei delstilling i førebyggande helsearbeid blant born og unge.

Tala i parentes er 2016 tal; Meldingar 8 (5), Undersøkingar 6 (4) Tiltak 7 (-) og omsorg 2 (1)

1.2.2 Kvalitet – mål og tiltak

Mål – kvalitet	2016	2017	2020
At innbyggjarane skal oppleve Granvin som ein trygg plass å bu			
Å gje innbyggjarane i Granvin fagleg forsvarlege helse og omsorgstenester til rett tid			

Delmål – kvalitet	2016	2017	2020
Oppretthalde dagsenter for eldre, demente og psykisk sjuke	Green	Green	Grey
Oppretthalde frivillig sentral og samarbeid med frivillige organisasjoner	Green	Green	Grey
Etablere tverrfaglege (interkommunale?) team innan rehabilitering, demensomsorg, palliasjon, lungesjukdom, diabetes osb.	Red	Yellow	Grey
Tiltak for kompetanseheving blant dei tilsette	Yellow	Yellow	Grey
Vidareføre samarbeidet med Ulvik og Eidfjord om styrka allmennlegeteneste og felles kommuneoverlege	Green	Yellow	Grey
Arbeide vidare med 75+	Red	Yellow	Grey

Kommentar kvalitetsmål

Granvin herad blei i 2017 ein BTI-kommune . Det overordna målet med BTI (Betre Tverrfaglig Innsats) er å bidra til at born, unge og deira familie får nødvendig hjelp så tidlig som mulig for å redusere skade. Dette gjeld særleg for familiar det er knytt bekymringar til. I den forbindelse vart Tverrfagleg ressursteam oppretta. Dette teamet består av einingsleiarane i helse og omsorg, skule og barnehage, skulefagleg ansvarleg, psykisk helsefagarbeidar, helsesøster, politikontakt, barnevern, NAV og ved behov BUP og PPT.

Av kompetansehevande tiltak har ein fått til mykje i 2017.

2 av personalet fullførte desentralisert sjukepleiarutdanning og me har fått to nye sjukepleiarar i teamet vårt ! Ei gruppe frå personalet starta på Demensomsorgens ABC (eit samlingsbasert kurs som strekk seg over 1 år) hausten 2017. Ei gruppe har delteke på Pasientsikkerheitsprogrammet. Eit systematisk forbettingsarbeid i praksis. Programmet har tre, overordna målsetjingar: Redusere pasientskader, byggje varige strukturar for pasientsikkerheit og forbetra pasientsikkerheitskulturen i helsetenesta.

«Livets siste dager» vart hausten 2017 innført i sjukeheimen. Livets siste dager skal sikre ei felles ramme og struktur for behandling, pleie og omsorg i sluttfasen av livet, både til pasient og pårørande. 3 av personalet deltok på Palliative fagdagar i Bergen.

Samarbeidet med Ulvik og Eidfjord om styrka allmennlegeteneste vart vedteke satt på vent våren 2017 då alle dei tre legekontora hadde utfordringar med bemanning. Når Granvin no har oppretta eit samarbeid med Voss om legetenesta vil dette samarbeidet mellom Granvin , Ulvik og Eidfjord avsluttast. Frå janunar 2018 vil Granvin og få kommuneoverlege frå Voss.

Heimebesøk 75+ har dessverre ikkje kome skikkeleg på plass i 2017 heller, sjølv om dette blei vidareført frå 2016. Det er likevel eit kvalitetsmål me ynskjer å ha med oss vidare då det er eit viktig førebyggjande arbeide. Me har sett på mogelege endringar i strukturen av dette tilbodet, som å organisere det som ei samling der det vert halde felles informasjon om hjelphemiddel, tenester og anna relevant info. I etterkant av samlinga kan dei som ynskjer få tilbod om heimebesøk.

1.2.3 Økonomi og drift

Mål – drift	2016	2017	2020
Fagleg forsvarleg drift	Green	Green	Grey
Kostnadseffektiv drift	Green	Green	Grey

Delmål – drift	2016	2017	2020
Optimalisere ressursbruken gjennom intern samordning og drift			
Rekruttere vikarar til ferieavvikling i nærmiljøet for å unngå bruk av vikarbyrå			
Fokus på langtidsfriske og helsebringande tiltak i organisasjonen			
Etablera samarbeid med Voss, gevinstrealisering.			
Fokus på økonomisk forsvarleg drift			

Kommentar driftsmål

Ein har hatt fokus på langtidsfriske og helsebringande- og arbeidsmiljøretta tiltak òg i 2017. Dette er eit kontinuerleg arbeid som er avhengig av god kommunikasjon, samarbeid og føreseielege planar. Arbeidsmiljøet i pleie og omsorg er godt og trivnaden høg. Dette må me ha fokus på vidare, slik at me beheld våre høgt kompetente medarbeidarar og opprettheld den gode pleia og omsorga våre eldste fortener.

Samarbeidet med Voss er kome godt i gang på helse og omsorg. Granvin har vorte invitert inn i både revidering av Tildelingskriteria for helse og omsorgstenester i Voss og prosjektet «Dreia ressurser frå institusjon til heimetenester» Det er sett ned fleire arbeidsgrupper som skal sjå på korleis den nye Voss Herad skal organisere tenestene sine.

Utvikling av driftseininga si økonomiske ramme

	R 2015	R 2016	R 2017	B2017	B 2018
Netto driftsutgifter	23 672 577	23 416 130	24 590 970	24 956 000	25 209 000

Kommentar rekneskap 2017

Eininga hadde eit driftsoverskot på vel 360 000. Overskotet skriv seg i hovudsak frå ein auke i budsjettet i tenestar på sosial rådgivning og barnevern for året, som ein (heldigvis) ikkje har hatt trong for å nytta. På slutten av 2017 vart nytt regelverk for AAP (Arbeidsavklaringspengar), statleg ytting, varsla med verknad frå 01.01.2018. Konsekvens av dette kan verta auka del personar på sosialhjelp i 2018.

Det har i 2017 ikkje vore nytta tenester frå vikarbyrå i pleie og omsorg og ein har vore restriktive med leige av vikarar ved ledige vakter. På legekontoret har ein nytta byrå til legedekning fram til hausten, kostnaden har likevel ikkje overskride budsjettet.

Helsesøsterstillinga blei besett i 100 % stilling frå januar 2017.

1.3 Driftseining teknisk

Tenester for plan og teknisk drift er samla i ei avdeling på Heradshuset, og ei avdeling for drift i E-verksbygget. Eininga tek seg av følgjande:

- Idrettsanlegg – Byggesak - Veg, vatn og avløp – Brannvern - Oppmåling, kart- og delingsforretning
- Feiing – Landbruk - Natur- og miljøforvaltning - Friluftsområde – Planarbeid.

1.3.1 Einingsleiar har ordet

Teknisk drift har totalt 13,1 årsverk fordelt på 17 tilsette. I tillegg kjem ein mannskapsstyrke på 16 personar i brannvernet. Årsverka er fordelte slik:

- Einingsleiar: 1 årsverk
- Plan og miljø: 1 årsverk
- Vaktmeister: 2 årsverk.
- Reinhald: 4,2 årsverk
- Uteetat og grøntanlegg: 2,5 årsverk.
- Brann/redning/tilsyn: 1,3 årsverk (felles brannsjef med Ulvik Eidfjord).
- Kommunale avgifter/matrikkelføring etc. : 0,2 årsverk
- Byggesak (kjøp av teneste i ca. 20% stilling).
- Landbruk: 1 årsverk

Det har i 2017 vore eit stort arbeidspress for eininga med mange ulike prosjekt som er satt i gang og planar som er utarbeid/behandla. Det har i tillegg til planlagde prosjekt vore arbeid mykje med vedlikehald på kommunale vegar. Ein har kome godt i gong med kommunesamanslåingsarbeidet med teknisk etat på Voss. Det er mykje som skal på plass før 2020, og det har vore mykje møteaktivitet og arbeid kring dette. Utfordringa er at ein samtidig med samanslåingsarbeidet, skal drifte Granvin herad og gjennomføre alle prosjekt som vedteken i økonomiplanen

Sjølv om det er hektisk og mykje å gjera, har eininga tilsette som er villig til å stå på, og ein har eit godt arbeidsmiljø.

1.3.2 Mål -plan

	2017	2018	2020
Etablering av digitalt planarkiv.	Green		
Informasjonstiltak / arbeide med tilrettelegging på heimesida	Yellow	Yellow	
Gode karttenestar på heimesida	Green		
Fullføring av pågående arbeid med reguleringsplanar.	Yellow	Green	
Følgje opp planstrategien	Yellow	Yellow	
Brannsamarbeid	Yellow	Yellow	

Kommentar:

Må vera betre på å nyta heimesida. Heradet fekk ny kartportal på plass i 2015 og no gjenstår arbeid med å leggje ut planar og annen spesifikk informasjon digitalt. Ein har inngått avtale med Voss kommune om GIS ansvarleg for dette arbeidet. Digitalt planregsiter vart ferdig i 2017.

Planstrategien skal vera eit styringsdokument for planarbeid i heradet og me nyttar det aktivt. Her bør ein sette meir realistiske mål for neste planstrategiperiode og ta inn over seg at Granvin herad og Voss vert ny kommune frå 01.01.2020.

Vest brann- og redningsregion er etablert (Bergensalliansen) og Granvin blei invitert til å inngå avtale med dei. Konklusjonen blei at Granvin herad ynskjer å sjå dette samarbeidet i samanheng med kommunesamanslåinga i 2020, og vil avverna deltaking til ny kommune er etablert.

Mål – drift	Kommentarar	2017	2018	2020
Utføra vedlikehald på bygningsmassen.	Er ein kontinuerleg prosess og ein har for lite midlar i årlege budsjett for å halda tritt med det om ein treng av vedlikehald.			
Etablering av digitalt planarkiv/betre kartverkty	Det vart avslutta i 2017 med ein sluttrapport. Voss kommune driftar planarkivet.			
Driftsbudsjett i balanse	Er ein kontinuerleg prosess som krev mykke arbeid og oppfølging i løpet av året. Er viktig for å vera med å bidra til ein sunn økonomi til Granvin herad.			
Vedlikehald på kommunale vegar og infrastruktur VA	Er eit arbeid som særstundt er viktig for å levere tenester som er i samsvar med lover og forskrifter (td. Drikkevassforskrifta, forureiningslova etc.)			
Etablera samarbeid med Voss, gevinstrealisering.				
Reguleringsendring og detaljregulering – Stasjonsområdet				
KDP for næring inkl. Landbruk og Skogbruk	Ikkje gjennomført. Vidare framdrift vert drøfta i Planstrategien 2018-20			
Revidering av kommuneplanens arealdel	Har som mål og revidere denne og samfunnsdelen i lag med Voss, slik at ein har ein plan som er godkjend for nye Voss i 2021.			
Plan for uteområde på skulen	Fullføra opprusting av uteområdet på skulen etter at NVE no er ferdig med å flaumsikre elva.			
Kartlegging/digitalisering VA infrastruktur	Målet er å koma i gong med arbeidet for måla inn alle kummer og leidningar som Granvin herad har i grunnen, og laga eit komplett leidningskart for heradet. Samarbeid med Voss			
Brann, Feiing, Tilsyn	Ny førebyggande forskrift tok til å gjelda frå 01.01.2016 der også alle fritidsbygg skal feiast.			

1.3.3 Økonomi

	R 2015	R 2016	R 2017	B2017	B 2018
Netto driftsutgifter	8 886 775	9 790 895	9 465 716	9 202 500	9 719 000

Kommentar rekneskap 2017

Teknisk drift kom 263.000.- i minus for 2017. Hovudårsaka til dette er høgare kostnader med brøyting/strøing av kommunale vegar enn budsjettet, og noko innan reinhaldsbudsjettet.

1.4 Driftseining skule

Dette året har me 90 elevar på skulen. Desse er for tida organiserte i 7 klassar, noko som gjev eit snitt på 12,9 elevar i kvar klasse. 2. og 3. klasse går i felles klasse, det same gjør 4. og 5. klasse og 6. og 7. klasse. Me ser at læringsmiljøet i små klassar er sårbart, noko som er hovudgrunnen til at me gjør desse grepene. Skulen disponerer 13,7 pedagogiske årsverk. I tillegg kjem til saman 160 % administrasjon (rektor og assisterande rektor). Me har ein IKT-ressurs i 20 % og me har sekretærressurs i 60 %. Samla sett har me 2,5 fagarbeidarårsverk i skule og SFO. Me har 14 personar som er deltidstilsette. Om lag 80 % av budsjettet vårt går til løn og sosiale utgifter.

SFO er organisert under skulen. 12 born har nytta seg av tilbodet inneverande år. Opningstida er 07.30-08.30 og 14.00-16.30. Det er gratis tilsyn mellom 13.00 og 14.00 for dei som har rett på skuleskyss. Leksehjelp har vore eit tilbod for 7. - 10. klasse, og det har vore god oppslutnad om tilbodet. Me nyttar lærarressursar til leksehjelpa, og elevane får eit gratis måltid før dei går i gang med leksene.

Kulturskulen er underlagt grunnskulen med einingsleiar skule som øvste ansvarlege leiar, og med Arnstein Klovning som kulturskulerektor. Granvin Kulturskule har dette skuleåret undervisning i hardingfele, dans, kunstfag, band, drama, piano, gitar, song og lydteknikk fordelt på ca. 60 elevar som til saman utgjer omlag 80 elevplassar. Elevtalet dei siste åra har vore veldig stabilt. Elevar i kulturskulen er ofte å høyra på tilstellingar i heradet. Det er 5 kulturskulelærarar dette skuleåret. Fire av desse er innleigde frå Ullensvang, Ulvik og Eidfjord kulturskular.

Kulturskulen var sterkt involvert i korpset som spelte på 17. mai 2017, i tillegg til hardingfeleopplæring i 4. klasse. Målsetjinga til kulturskulen er å vera eit musikkfagleg kompetansesenter som styrkjer både fritids- og kulturlivet, i tillegg til grunnskulen. Som elev i kulturskulen vil ein få utvikla sine kunstnariske evner. Kulturskulen har òg som målsetjing å vidareføra den rike hardingfeletradisjonen i bygda.

1.4.1 Einingsleiar har ordet

Skulen har høgt utdanna personale, som er omstillingsdyktige og kan tenkja nytt. Prosessen med å slå saman Granvin og Voss til eit nytt herad er godt i gang. Denne prosessen tek for seg mange område som gjeld skulen òg.

Kvart år gjennomfører skulen elevundersøking i fleire klassar. Undersøkinga viser dette året at me har elevar som trivst på skulen, og dei opplever at dei har nokon å vera. Me som arbeider på skulen opplever likevel at det er samspelsutfordringar i enkelte klassar/grupper, noko som vert arbeidd kontinuerleg med, både internt og ved hjelp av eksterne aktørar.

Resultata på nasjonale prøvar varierer noko dette året òg, men me har klassar som har svært gode resultat. Dette vil likevel svinge mykje frå år til år, sidan me har små kull. Målet vårt er framleis å få fleire elevar opp på eit høgare nivå. Grunnskulepoenga ligg dette året over snittet, som tidlegare år, og dette vil me sjølv sagt at skal halde fram!

Arbeidsmiljøet på skulen er godt og trivnaden høg. Dette må me ha fokus på vidare, slik at me held fram med å ha ein god skule for store og små!

1.4.2 Kvalitet – mål og tiltak

Mål – kvalitet	2017	2018	2020
Vurdering for læring. Delta i Skulebasert vurdering for læring			
NyGiv-metodikken (praktisk, variert og tilpassa) på heile skulen, m.a. gjennom valfag på u-trinnet: Sal- og scene, fysisk aktivitet og helse, trafikk ALF (arbeidslivsfag), som alternativ til språkfag (tysk)			
Tidleg og kontinuerleg innsats for lese- og skriveopplæringa Må arbeidast vidare med			
Lesekurs på ulike klassetrinn; m.a. som oppfølging av kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar			
Implementera Leselos for alle klassar			
Rekning i alle fag			
Fruktmåltid kvar dag og skolemåltid etter ein oppsett plan			
Fysisk aktivitet for alle; 30 min kvar dag året rundt			
Trivselsleiarprogrammet			
Arbeid med læringsmiljø og god klasseleiing i tråd med prioriteringar i Verksemndsplanen			
Arbeid med særskilt norskopplæring for minoritetsspråklege			
Fokus på god leiing og kultur for læring på alle nivå			
Foreldre, elevar, rektor/skulefagleg ansvarleg og ordførar skal skriva under på Manifest mot mobbing (årleg markering)			
Gjera personalet, foreldre og elevar kjende med Opplæringslova sin § 9a, og etablira prosedyrar for å melda avvik etter § 9a			
Godt samarbeid mellom heim og skule; arbeida for eit aktivt FAU/SU/SMU			

Kommentar kvalitetsmål

Me held fram med å nyitta verktøyet Leselos og fylgjer opp innhaldet i lese- og skriveplanen vår, der det vert vektlagt at **alle** lærarar er lese- og skrivelærarar!

Dette året er me i gang med eit pedagogisk utviklingsarbeid med vurdering for læring som tema. Dette er eit satsingsområde for heile skulen, og personalet deltek i kurset «Skulebasert vurdering for læring». Målet med satsinga er å utvikla heile organisasjonen, og vidareutvikla kollegiet sin kompetanse om læring og vurdering.

Ressursteam, med spes.ped.koordinator, ein lærar med utdanning innanfor språk, lesing og skriving, samt rektor og ass. rektor, held fram. Denne gruppa har samordna behovet for tilpassa opplæring og spes.ped. blant elevane. Ressursteamet har fokus på å arbeida systemisk, rettleia faglærarar/kontaktlærarar i læringsarbeidet, samt planleggja og gjennomføra kurs i lesing, skriving og matematikk. PPT er ein viktig støttespelar i dette arbeidet!

Fysisk aktivitet for alle har også dette året vore eit viktig satsingsområde for skulen. Skulen legg opp til 30 min. lærarstyrt aktivitet for alle elevar kvar dag, og har god erfaring med dette. Nytt av året er at me er

med i Trivselsleiarprogrammet, og dette vil me sjå i nær samanheng med satsinga på fysisk aktivitet. Målet med programmet er blant anna å få elevane meir aktivt med i å planleggja og leia aktivitetar for medelevar. Elevane som vert trivselsleiarar får aktivitets- og leikekurs, og det vert lagt vekt på at dei skal vera inkluderande, venlege og respektfulle. Me ynskjer at programmet vert ein naturleg del av satsinga vår på fysisk aktivitet, og at det er med på å gje oss endå meir aktive elevar.

1.4.3 Drift og økonomi

Driftseining skule består av tenesteområda Granvin Barne og ungdomsskule (drift), Tilrettelagde tenester PPT, Eksursjon, Vaksenopplæring, Skulefritidsordning, Drift av skulelokale, Skyss av skuleborn og Kulturskule.

Mål – drift	2017	2018	2020
Kompetanse for kvalitet – ein lærar kvart år	Ingen søkjrar		
Auka den spesialpedagogiske kompetansen på skulen			
Auka kompetanse innanfor digitale dugleikar og hjelpemiddel, t.d. ved å ta i bruk Ipad i spesialundervisinga og i den ordinære undervisninga			
Skifta ut klassesetta med PC-ar etter ein oppsett plan			
Ta i bruk gode digitale ressursar som krev lisensar			
Halda fast ved tidleg innsats! Og god tilpassa opplæring!			
Effektuera del 1, del 2 og del 3 av planen for uteområdet			
Rehabilitering av spesialromma på skulen; sløyd, kunst- og håndverk, kjøken			
Generelt vedlikehald på skulen			

Kommentar driftsmål

Dette året hadde me ingen deltagarar i ordninga Kompetanse for kvalitet, då det ikkje var søkjrarar.

Satsinga på digitale dugleikar held fram. Me har Smartboard i aktiv bruk i alle klasserom, og me har investert i klassesett med Ipad-ar. Læringsplattforma It's learning er eit godt implementert verktøy i skulen vår. Visma som skuleadministrativt system er langt på veg implementert i skulekvardagen. Her må me likevel gjera ein jobb med å byta system, pga av samarbeidet med Voss og tilpassing til ny kommune. Det kan òg vera aktuelt å byte læringsplattform, i samarbeid med Voss.

God tilpassing av den vanlege undervisninga, med styrkingstiltak i klassane, har vore ein viktig innfallsvinkel for å redusera trøngen for spesialundervisning. Me ser det som særskilt viktig å setja inn gode tiltak og ressursar på dei lågaste trinna. På den måten kan me fanga opp elevar som strevar på eit tidleg tidspunkt. Me kan då gje dei ekstra hjelpe og oppfylging, og få dei på «rett spor». Det er viktig med ein god start på skueløpet!

Me har logoped tilsett på skulen. Logopeden har vidareutdanning innan IKT, noko som m.a. gjer arbeidet med kompensatoriske hjelpemiddel for elevar som slit med lesing og skriving, lettare. Ved å spreia kunnskapen på skulen, blir me langt på veg ein dysleksivenleg skule. Dette målet vil me arbeida vidare for å nå.

Skulen sitt uteområde har dei siste åra vorte oppgradert. Me fekk 400 000 av Sparebankstiftinga til å gjennomføra del 2 av planen vår. Arbeidet vart vidareført i 2017, og uteområdet har no fått eit skikkeleg løft.

Utvikling av driftseinininga si økonomiske ramme

	R 2015	R 2016	R 2017	B2017	B 2018
Netto driftsutgifter	14 227 191	14 797 596	14 971 307	15 286 000	15 238 000

Kommentar rekneskap 2017:

Rekneskapen for 2017 for ansvarsområde 230 syner at skulen har eit mindreforbruk på kr. 314 694. Dette skuldast fleire tilhøve; m.a. for mykje sett av til pensjonsinnskot STP, samt høgare statstilskot og tilskot frå andre kommunar enn budsjettet, i tillegg til reduserte utgifter på nokre andre område.

1.5 Driftseining Tueteigen barnehage

Tueteigen barnehage har 3 avdelingar, og borna er fordelt etter alder på 3 avdelingar. Barnehagen held til i den gamle skulebygninga på Vassenden og har mange store rom til ulike aktivitetar. Tueteigen ligg eit stykke unna sentrum, men ikkje lenger enn at me kan gå. Dette gjer at me har kort veg til blant anna butikk, bibliotek og skulen.

For aktivitetar ute har me store friluftsområde i nærmiljøet rundt barnehagen. Me har gode høve til å nytta områda heile året.

1.5.1 Einingsleiar har ordet

Barnehageåret 2017-2018 var det per 31.12.17, 47born/66 plassar fordelt på dei tre avdelingane. Bemanninga var per 31.12.17; 11,8 årsverk, inkludert styrarressurs. Fylgjande yrkesgrupper er representert i barnehagen: Seks barnehagelærarar, inkludert styrar, tre fagarbeidrarar og fire assistenter. Me har tilsette med høg arbeidsmoral og kompetanse, noko som vises att i høg kvalitet. Me har eit godt samarbeid og arbeidsmiljø der alle trivst. Sjukefråværet har vore lågt.

1.5.2 Kvalitet – mål og tiltak

Mål – kvalitet	2017	2018	2019
Sikra at alle born med rett på plass og som søker innan hovudopptak får plass på det tilbodet dei ynskjer.	Green	Yellow	Grey
Arbeida målretta og systematisk med utviklingsarbeid for å auka kvaliteten, slik at barnehagen vert ein god plass å vera for både borna, foreldra og personalet.	Green	Green	Grey
Tiltak for kompetanseheving blant dei tilsette.	Green	Green	Grey
Pedagogisk utviklingsarbeid- sosial kompetanse	Green	Green	Grey

Kommentar kvalitetsmål

Liks med dei siste åra fekk alle born som søkte ved hovudopptak plass på det tilbodet dei ynskte. Ettersom ikkje alle borna går kvar dag, har det vore mogleg å gje plass til fleire born som har søkt i løpet av året.

Satsingsområdet vårt Barnehageåret 2018- 2019, er sosial kompetanse. Hovudmålsetjinga vår er: «Barnehagen skal fremme venskap og fellesskap». Dette er eit spennande og lærerikt pedagogisk utviklingsområde for både store og små. Språk, kommunikasjon og leik er faktorar det er viktig å ha fokus på i høve sosial kompetanse. I lag med barnehagane i Ulvik og Eidfjord har me hatt planleggingsdagar/ kurs med ulike aktuelle tema. Dette gjev fagleg innputt og inspirasjon til utviklingsarbeidet.

Metodar/verktøy som me nyttar i arbeidet med sosial kompetanse:

- Rettleiar frå utdanningsdirektoratet; «barn sin trivsel - vaksne sitt ansvar»,
- Det er mitt val
- Steg for steg

Dette er pedagogiske opplegg for utvikling av emosjonell og sosial kompetanse, eit metodisk verkty for dei tilsette og for samarbeid mellom barnehagen, heimen og lokalmiljøet. Elles arbeidar me som alltid tverrfagleg med dei sju fagområda i Rammeplan for barnehagen.

Eit viktig pedagogisk verkty for kvalitetsutviklinga er refleksjon rundt personalet sine eigne

praksisforteljingar. Dette arbeidet gjer at me får meir sjølvinnssikt og vert meir medvitne i høve eige arbeid med borna.

1.5.3 Drift og økonomi

Driftseining Barnehage består av tenesteområda Tueteigen Barnehage (drift), Tilrettelagde tiltak, og Drift av lokale til barnehagen.

Mål – drift	2017	2018	2019
50 % pedagogar i personalet			
Bemanningsnorm: 1 voksen per 6 plassar.			

Kommentar driftsmål

Barnehagen har god pedagogdekning. Bemanninga har vore i tråd med Granvin herad si vedtekne norm og den nasjonale anbefalte norma.

Utvikling av driftseininga si økonomiske ramme

	R 2015	R 2016	R 2017	B2017	B 2018
Netto driftsutgifter	4 593 906	4 733 780	5 408 568	5 707 000	5 735 000

2 Investeringsar 2017

		Regnskap	Regnskap	Regnskap	Sum i perioden
		2015	2016	2017	
1	Grindverksbygg idrettsplass	-	-	376 250	376 250
2	Skulelokale	8 396 960	1 435 362	1 486 676	11 318 998
3	Badebasseng på skulen	- 1 233 000	-	-	1 233 000
4	Mælandshagen omsorgsbustader	356 557	534 713	1 147 363	2 038 633
5	Omsorgsbustader Eide	123 500	224 719	15 480 681	15 828 900
6	Kartsak	152 299	20 000		172 299
7	Skielva byggefelt	4 654 997	362 366	565 185	5 582 548
8	Flaumsikring Granvin selva	1 353 525	699 348	488 248	2 541 121
9	Eide byggefelt	301 973	-	1 672 495	1 974 468
10	Prosjekt trebygda Granvin	31 444	-		31 444
11	Sommervedlikehald	444 139	167 464	780 162	1 391 765
12	Veg til Skår	-	1 003 231	4 276 844	5 280 075
13	Traktor/bil			695 000	695 000
14	Bru Dale			316 972	316 972
15	Vassverk	-	124 949	409 761	534 710
16	Leidningnett og høgdebasseng	-	- 56 542	146 515	89 973
17	Høgdebasseng Folkedal	284 208	3 439 790	954 440	4 678 438
18	Kyrkjer	1 450 000	-	401 000	1 851 000
	Totalt	16 316 602	7 955 400	29 197 592	53 469 594

Kommentarar til investeringar

Tiltaknr	Omtale	Kommentar
1	Grindverksbygg idrettsplassen	Eit samarbeid med Granvin idrettslag. Eksternt finansiert.
2	Skulelokale	
5	Omsorgsbustadar Eide	6 omsorgsbustadar er sett opp innanfor budsjett.
7	Skielva byggefelt	Her er det utført arbeid med teknisk bygg. Det gjeld samordning av stoppekraner for dei ulike tomtene og ferdiggjering av bygget.
16-17	Ny vassleidning Kvanndal - Folkedal og høgdebasseng	Det er lagt ned ny sjøleidning frå Kvanndal – Folkedal på ca. 3,5 km. Det er utført grøftearbeid på land på ca 200m med nedsetting av nye kummer etc.. Det er bygd nytt teknisk bygg (pumpehus) ved sjøen. Arbeidet med høgdebassenget i Folkedal er slutført. Det gamle p.huset er fjerna.
9	Eide byggjefelt:	Det er lagt ned ny infrastruktur (veg, vatn, kloakk, overvatn) for nye tomter på Eide. Det er etablert eit nytt overvassanlegg for å avlaste kisteveita og forhindre flaum ved mykje nedbør.

		<p>Det er etablert ny vassforsyning fram til ein del av dei eksisterande bustader, og skifta ut den gamle hovedleidninga.</p> <p>Det er etablert ny vassleidning fram til kaia for eit framtidig byggjefelt ovanfor kaia.</p> <p>Det er etablert ny vassleidning fram til omsorgsbustader som er under bygging.</p>
12	Veg til Skår	Arbeidet med utbetring av kommunal veg til Skår med sideveg til Jørdre har vore under arbeid i 2017. Arbeidet vil starta opp att i 2018 og ein prøver å fullføra prosjektet .
8	Flaumsikring Granvinselva	Har utført sikringsarbeid langs elva frå Yrkeskule og ned forbi GBU.
14	Bru Dale	Arbeidet er ferdig utført i 2017. Den gamle bruha er fjerna og det er lagt ned eit stort røyr som tek unna vatnet. Det er utført sprengingsarbeid på den kommunale vegen i samband med dette og massar er nytta for å utbetre vegen.
13	Ny traktor	På plass
	Sjukeheimen oppgradering	Arbeid med utskifting av glasstaket over frisørsalongen. Er ferdig utført.
4	Mælandshagen omsorgsbustadar	Arbeidet med utskifting av gamle kobbarrøyr frå fyrhus og i taket langs korridorar, er starta opp. Vert fullført i 2018.
	Geovekst	Kontinuerleg arbeid som pågår over fleire år.
11	Kommunale vegar	Diverse utbetringar på kommunale vegar.

3 Interkommunale samarbeid

Interkommunale prosjekt/samarbeid der Granvin deltek:	Utgift	Inntekt
Hardangerrådet:		
Hardangerrådet	199 020	
Rettslokale på Lofthus	20 806	
Hardanger og Voss Museum	9 200	
Andre samarbeid:		
Almennlegeordninga Ulvik, Eidfjord, Granvin, stipulert	135 198	
Interkommunale legevakt, Voss	1 306 568	
Almennlegeordninga Voss	421 982	
Felles brannsjef/brannvern Eidfjord, Granvin og Ulvik		751 585
Felles barnehage- og skulefagleg ansvarleg Eidfjord, Granvin og Ulvik	284 399	
Biblioteksamarbeid med Ulvik	279 311	
Samarbeid med Voss kommune om IKT	466 000	
Samarbeid byggjesak , Ulvik	91 393	
Krisesenter, Bergen kommune	69 900	
PPT, Voss	260 091	
Sal av skuleplassar til Ullensvang		785 731
Sal av barnehage til Ullensvang		573 960
Sal av oppmålingstenester til Ulvik		124 019
Skatteinnkrevjar, Voss kommune	209 808	
Skatte-trekk kontroll, Bergen kommune	36 147	
Skjenkekontrollen, Kvam kommune	31 131	
Vertskommuneavtalar		
Hardanger barnevern, Odda kommune	460 015	
Øyeblikkelig hjelp senger, Voss	288 073	

